



# Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

---

HANS ODDGEIR GLOSLI GJESME  
MARTEÅSVEIEN 9  
3132 HUSØYSUND

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKJIDU - 26/99

Arkiv:

202505, 35, L12

Vår dato:

07.01.2026

## Varsel om oppstart av reguleringsplan for Finntøppvegen

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeidet med detaljregulering av Finntøppvegen på Beitostølen i Øystre Slidre kommune.

### Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Føremålet med reguleringsplanen for Finntøppvegen er å lage ein heilskapleg reguleringsplan for heile vegstrekninga, i samband med utbetring av vegen, som er på om lag 1,6 km. Finntøppvegen er ein etablert veg på Beitostølen, og er delvis regulert gjennom tidlegare reguleringsplanar.

Hovudmåla med reguleringsplanen er:

- Å sikre tilstrekkeleg areal til infrastruktur og fortau/gang- og sykkelveg, samt skiløypetrasé og returpunkt for sortering av avfall
- Å rydde opp i dagens situasjon ved å regulere inn eksisterande veg
- Å betre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar gjennom etablering av fortau eller gang- og sykkelveg i tilknytning til bilvegen
- Å sikre trasé for skiløype langs delar av vegen
- Å sikre overvatn og overvasshandtering langs vegen

Eit viktig mål med reguleringsplanen er å betre trafikktryggleiken i området, spesielt for mjuke trafikantar som gåande og syklende. Planen skal redusere konflikt mellom biltrafikk og mjuke trafikantar ved å etablere fortau eller gang- og sykkelfelt langs vegen. Dette vil sikre trygg ferdsel og betre framkomsten for alle som nyttar området, både sumar og vinter. Planen skal sikra overvatn og overvasshandtering, og det skal etablerast grøfter tilknytt vegen.

Det er planlagt eit nytt renovasjonspunkt langs vegen, samt eit busstopp. I ny plan kjem dette til å få ny plassering for å betre trafikktryggleik, flyt og tilkomst til busshaldeplass.

### Planområdet

---

|              |               |           |                                                       |                              |
|--------------|---------------|-----------|-------------------------------------------------------|------------------------------|
| Sentralbord: | Dir. telefon: | Org.nr:   | E-mail:                                               | Heimeside:                   |
| 61 35 25 00  | 47642386      | 961382068 | idunn.saltnes.skjerdingsstad@oystre-slidre.kommune.no | www.oystre-slidre.kommune.no |

Planområdet ligg sør for Beitostølen sentrum (sjå vedlagt planomriss). Finntøppvegen er ein eksisterande grusveg, og går parallelt med Bygdinvegen (Fv. 51). Veggen er avsett til infrastruktur/samferdsel i gjeldande kommuneplan.

Det vil førekomme små endringar på dei tilgrensande reguleringsplanane. Planområdet omfattar areal også utanom vegen for å sikra tilstrekkeleg med plass til naudsynt areal knytt til opparbeiding av vegen, som grøftar og liknande.

Eksisterande reguleringsplanar som delvis vert omfatta av ny reguleringsplan:

- *Reguleringsplan for gangveg til skistadion* (2019, mindre endring 2025)
- *Reguleringsplan for Lomtjødnhaugen* (2001, mindre endring 2018)
- *Reguleringsplan for Lomtjødnlie* (1999, mindre endring 2020)
- *Reguleringsplan for Finntøpplie* (2022)
- *Reguleringsplan for Solbakkin* (2019)
- *Reguleringsplan for Beitostølen Camping* (1995)
- *Reguleringsplan for Beitostølen sentrum sør* (1994)

Kart over planområdet er vedlagt.

## Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2, då reguleringa er i medhald til overordna plan på vesentlege punkt.

## Medverknad og høve til å kome med innspel

Føremålet med varsel om oppstart av reguleringsplanen er å informere om tiltaket og få innspel til planlegginga tidleg i prosessen.

**Innspel** kan sendast til kommunen på e-post: [post@oystre-slidre.kommune.no](mailto:post@oystre-slidre.kommune.no) eller til Øystre Slidre kommune, Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes, innan **23.02.2026**.

Merk innspelet med: Finntøppvegen, Plan-ID: 3453202505

## Vidare prosess

Etter varsling om oppstart vil det verte utarbeidd eit planforslag som vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova. Det vil då vere nytt høve til å kome med merknader før endeleg vedtak.

Merknader som kjem inn er kommunen sitt grunnlag for å endre planforslaget, og blir vurdert og referert for politisk myndigheit. Vi svarer difor ikkje på merknader enkeltvis.

Høyringa vert kunngjort i avisa og adressatane til dette brevet vil få planforslaget tilsendt.

## Har du spørsmål?

Har de spørsmål, ta kontakt med sakshandsamar, Idunn Saltnes Skjerdingsstad, på e-post: [idunn.saltnes.skjerdingsstad@oystre-slidre.kommune.no](mailto:idunn.saltnes.skjerdingsstad@oystre-slidre.kommune.no)

Med helsing

Idunn Saltnes Skjerdingsstad  
Arealplanleggar

**Vedlegg**

Planavgrensing Finntøppvegen

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.